

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
335.1	Knut Øyjordet	06.10.21	33/21

SØKNAD OM UTVISING AV TILLEGGSJORD – ODD MAGNE ODEN*Saksdokument:*

1. Sak 15/21 med saksdokument.
2. Brev frå fjellstyret av 14.07.21 til kommunen, Langmorkje almenning og Statskog.
3. Brev frå Statskog av 14.08.21 til fjellstyret.

Saksutgreiing og vurdering:

Odd M. Oden har søkt om å få utvist tilleggsjord. Fjellstyret behandla søknaden på møte 14. april og fatta følgjande vedtak:

Fjellstyret viser til søknad frå Odd M. Oden og grunngjevinga for meir dyrka mark, og er i utgangspunktet positiv til å finne eit eigna område til han for oppdyrking. Sidan han sjølv har foreslått fleire aktuelle område, vil fjellstyret vente med å setje i gang den formelle høyringsprosessen etter reglane i seterforskrifta til etter ei synfaring til våren/forsommaren saman med Oden, og der kommunen og Statskog er representert.

Synfaringa med Oden og representant for Statskog (Hilde Hammer) og kommunen (Per Ivar Weydahl) vart gjennomført 7. juni, der ein enda opp med to område, som vart utsendt på høyring, og som fjellstyret også såg på under fjellstyrefaringa den 11. juni. Det er aktuelt å utvise 40-50 dekar. Det har kome uttale frå Statskog, som skriv m.a. følgjande:

Etter befaring står det mellom to alternative areal. Statskog har ingen innvendinger mot at ett av arealene utvises av fjellstyret i henhold til seterforskriften § 20. Forutsatt at fjellstyret utviser tilleggsareal har ikke Statskog noen innvendinger mot at arealene gjerdes inn, jf. Fjellovens § 12. Før inngjerding kan gjennomføres gjør vi oppmerksom på at det utviste arealet må avgrensnes ved oppmåling. Statskog rekvirerer oppmåling når endelig utvisningsvedtak foreligger fra fjellstyret. Kostnader knyttet til dette må dekkes av Odd Magne Oden som rettighetshaver.

Etter samtale med Odd M. Oden ei stund etter synfaringa, så prioriterer han alternativet ved Siplaus.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til vedtak i sak 15/21 og til innkome uttale frå Statskog, og utviser med heimel i § 20 i seterforskrifta 40-50 dekar til Odd M. Oden i området ved Siplaus til tilleggsjord. Sjølv utvisinga med avgrensing av arealet vil skje med fjellstyret og Statskog, som Oden blir innkalla til.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga, men med følgjande tillegg:

Ved sjølv utvisinga må det vurderast om det er behov for ein gjeile mellom den nye parsellen til Oden og eksisterande parsell mot vest, dvs. på festnr. 727.

Rett utskrift. Går til:
Odd M. Oden
Statskog v/Hilde Hammer

Kopi til:
Kommunen, landbrukskontoret v/Per Ivar Weydahl
Langmorkje almenning v/Paul Øien

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no